

* **Marknadsregulering**

Nibio-forskar fryktar svekka konkurranse om kjøttbransjen får **samarbeide** om reguleringstiltak. BI-professor er ueinig.

Trur forslag kan gi svekka konkurranse

Erkerivalane Nortura og Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF) gjekk sist veke saman om eit fellesforslag til ny ordning for marknadsregulering. Dei to hovudkonkurrentane i kjøtt- og eggsektoren vil samarbeide om reguleringstiltak i eit bransjeråd, men er einige om at Nortura skal halde fram som marknadsregulator.

KrF og Venstre rosar forslaget, som òg får støtte frå NHO og Bonde- laget. Forskarar og økonomar som jobbar tett på matmarknaden er derimot splitta i synet på forslaget.

- Gir uro for konkurranse

Seniorrådgjevar Ivar Pettersen ved Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio) trur forslaget vil skape for stor uro knytt til konkurranse mellom aktørane.

- Det er lett å forstå motivasjonen bak forslaget, men det blir så tvilsamt konkurransemessig at ministeren snarare kan få eit påskot for å fjerne reguleringsansvaret frå samvirka. Uroa rundt reguleringsordninga kan ikkje løysast ved tettare samarbeid

mellom aktørane. Det vil føre til for stor uro for konkurransen, seier Pettersen.

Han seier at det er primærleddet i jordbruket som har unntak frå konkurranseloven, noko som opnar for marknadsregulering.

- Det har aldri vore innsjøen på industrileddet skal samarbeide. Det er primærproducentane som kan organisere seg, seier han.

Trekkjer parallell til OPEC

Pettersen seier det er nærliggjande å kalle det eit monopol om dei tunge industriaktørane skal samarbeide om å ta ned produksjonsvolumet. Det sjølv om bransjen understrekar at pris ikkje skal vere eit samtaletema.

- Det hjelper lite. Dei skal diskutere produksjonsregulering. Det gir like sterk effekt på konkurranse som å fastsetje bindande prisar. Når industrileddet er samla, kan dei diskutere korleis dei kan ta vare på marginane. Det blir som eit monopol. Sagt på ein annan måte: OPEC treng ikkje nemne pris for å fungere som eit monopol. Det held å drive effektiv produksjonsregulering, seier Pettersen.

Han seier forbrukarane kan kome dårleg ut og han ser ikkje at ein uavhengig observator i bransjerådet vil hjelpe.

- Men prisane er jo i stor grad styrt av jordbruksoppgjere?

- Ja, det er pristak, men når ambisjonane om pris i jordbruksoppgjere er urealistiske fordi det er for mykje i marknaden, så vil partane setje seg saman og regulere. Utan det vil prisen gå ned. Bransjen i samarbeid kan unngå press på målprisen, seier han.

Professor: - Klokt forslag
Professor Per Ingvar Olsen ved

Handelshøyskolen BI deler ikkje uroa for konkurransen. Han ser forslaget som ei god løysing.

- Marknadsreguleringa er ei kollektiv ordning på vegner av alle produsentane. Industrien er i praksis òg aktørar, men det er eit aukande problem at berre delar av industrien tek belastninga. Dette verkar som ei klok og fornuftig måte å vidareføre ordninga på. Sjølv om det operasjonelle blir som før, så får ein ansvar og styring over på ei kollektiv plattform, seier Olsen.

- Kva med konkurransen?

- Poenget er at ordninga skal fungere konkurransenøytralt. Ingen skal bli diskriminert eller få fordelar. At ordninga blir meir transparent og at alle partar kan kontrollere kva som skjer er ein fordel, seier Olsen og legg til at det å få konsensus om tiltak kan skape meir tillit til ordninga.

- Kan ikkje konkurransen bli svekka?

- Nei, ikkje viss det blir gjort på ordentleg vis. Poenget er å styrke den likeverdige konkurransen. Partane skal ikkje snakke om pris. Oppgåva er å styre den operasjonelle kortsiktige reguleringa. Det må vere legitimt. Ordninga blir betalt av bondene kollektivt. Då er det viktig å gjere det på ein billig og effektiv måte, seier Olsen.

Han seier det er snakk om å finne operative tiltak for bondene som fungerer konkurransenøytralt.

- KLF-aktørar skal ikkje bli diskriminert. Derfor er det nyttig at dei kjem med, seier Olsen.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

Fakta
Marknadsregulering
* I regjeringsklæringa står det at regjeringa vil gjere marknadsreguleringa meir uavhengig av samvirka.
* I dag er det jordbruket som tek det økonomiske ansvaret for overproduksjon. Bondene betalar for reguleringa ved omsetningsavgift. Omsetningsrådet fattar vedtak om tiltak. Landbruks-samvirka Tine, Nortura og Felleskjøpet, som er regulator for mjølk, dei fleste kjøttslaga, egg og korn, lagar prognosar, føreslår tiltak og gjennomfører tiltaka. Samvirka har mottaksplikt for leveransar frå bondene og forsyningsplikt for råvarer til andre industriaktørar. Samvirka har òg ansvar for å ta ut prisane som blir vedtatt i jordbruksoppgjera.
* Eit fleirtal på 7 av 11 i det regjeringsoppnemnde balanse- rutsutvalet ville i fjor behalde ei marknadsregulering, men aktørane foreslo ulike variantar. Sist veke la Nortura og KLF fram eit fellesforslag til justering av dagens reguleringsordning.
* Det er venta at regjeringa vil ta stilling til marknadsreguleringa i landbruksmeldinga som er venta om få månader.



Nationen 26. august

Kritisk: Nibio-forskar Ivar Pettersen seier det er nærliggjande å kalle det eit monopol om dei tunge aktørane i kjøttindustrien får samarbeide om å ta ned produksjonsvolumet. Unntaket frå konkurransereglane, som opnar for produksjonsregulering, gjeld i dag berre primærleddet.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

Konkurransetilsy net: - Auka fare for uheldig koordinering

Konkurransetilsynet er skeptisk både til at samvirka kan få behalde regulatorrolla og til eit bransjeråd. Økonomiprofessor ser fordelar og ulemper med forslaget.

Konkurransetilsynet ser fleire potensielt problematiske sider ved fellesframlegget frå Nortura og Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF) til nytt reguleringsssystem.

- Auka koordineringsfare
Avdelingsdirektør Magnus Gabrielsen seier han ikkje har set

tere ein slik konkurransemessig uheldig marknadsstruktur. Hyppig kontakt mellom dei største aktørane der ein diskuterer sentrale parameter gir òg auka fare for uheldig koordinering. Faren er særleg stor der det er få aktørar og høg konsentrasjon, slik det er i kjøtt- og eggmarknaden. Desse innvendingane kan vere relevante for forslaget, seier Gabrielsen.

Han seier at Konkurransetilsynet òg er skeptisk til ei kvar utviding av unntaket landbruket har frå konkurransereglane.

- Vi er skeptisk til utviding av primæræringsunntaket, som alt er omfattande frå før. Særleg skeptisk er vi til å utvide det til in-

dustri- eller handelsleddet, men i kva grad forslaget inneber ei slik utviding har vi forebels ikkje vurdert, seier han.

- Fordelar og ulemper

Nils-Henrik M. von der Fehr, som er professor i samfunnsø-



konomi ved Universitetet i Oslo (UiO) og sit i fagrådet til den liberale tankesmia Civitas, ser både fordelar og ulemper med forslaget.

- I utgangspunktet høyrer det ut som ein i forslaget prøver å kome i møte nokon av utforsier han.

STATSREGULERING?

«Alternativt måtte det blitt ein offentleg aktør eller ein aktør med eit offentleg oppdrag.»

NILS-HENRIK M. VON DER FEHR
PROFESSOR VED UNIVERSITETET I OSLO

dringane som konkurrentane til Nortura har trekt fram. Ei samarbeidsloving kan bidra til å løyse utfordringane med ordninga. Frå eit konkurranseobservatør er det derimot ikkje heilt heldig at dei to konkurrentane får ein arena der dei kan samordne seg, seier han.

Han seier forslaget om å ha ein uavhengig observator i bransjerådet viser at partane erkjenner at det ligg eit potensielt problem der, og at ein observator er eit bidrag til å redusere problemet.

- Det er både fordelar og ulemper med forslaget. Eg ser argumentet for at alle partar får eit ord med i laget. Det vil vere ein fordel

for bransjen. Ulempa er at dei får ein arena der dei kan koordinere seg, seier han.

Han seier det kan oppstå motsetningar mot forbrukarinteresser som ikkje berre gjeld prisar, men kva produkt som er tilgjengeleg til ulike tider. Alternativet seier han kan vere å leggje reguleringa til ein heilt uavhengig aktør.

- Då må staten ta over?

- Ja, alternativt måtte det blitt ein offentleg aktør eller ein aktør med eit offentleg oppdrag. Det er gode grunnar til at store landbruksaktørar har rolla i dag. Dei kjenner marknaden og har instrumenta som skal til, seier han.